

Meland Kommune
Postboks 79

5906 FREKHAUG

Sakshandsamar: Hanne Marie Utvær
Telefon: 91102779
Seksjon: Forvaltningsseksjonen i region
Vest
Vår referanse: 16/1753
Dykkar referanse:
Vår dato: 02.03.2016
Dykkar dato:

Att:

KOMMUNAL PLANSTRATEGI - HØYRINGSPART

Dette brevet går til alle kyst- og fjordkommunane i Sogn og Fjordane og Hordaland fylker. Brevet blir sendt ut fordi vi erfarer at vi ikkje alltid får framlegg til planstrategi frå kommunar for innspel. Jamfør PBL. §10-1, 2. ledd:

«Kommunen skal i arbeidet med kommunal planstrategi innhente synspunkter fra statlige og regionale organer og nabokommuner. Kommunen bør også legge opp til bred medvirkning og allmenn debatt som grunnlag for behandlingen. Forslag til vedtak i kommunestyret skal gjøres offentlig minst 30 dager før kommunestyrets behandling.»

Om Fiskeridirektoratet sitt ansvar og plikt til medverknad i kommunale planprosessar.

Fiskeridirektoratet er styresmaktene sitt rådgjevande og utøvande organ innan fiskeri- og havbruksforvaltninga i Noreg. Vi skal fremje lønnsam og verdiskapande næringsaktivitet gjennom berekraftig og brukarretta forvaltning av marine ressursar og marint miljø. Vi arbeidar for ei balansert og berekraftig utnytting av kystsona, der dei marine næringane får utvikle seg. For at potensialet for sjømatproduksjon frå norske kyst- og havområder kan bli utnytta på ein berekraftig måte, skal vi bidra til at fiskeri- og havbruksnæringa sine interesser blir ivaretatt i plan- og arealprosessar.

I «Nasjonale forventningar til regional og kommunal planlegging» utgjett av Kommunal- og moderniseringsdepartementet(2015), står det at regjeringa forventar at kommunane sikrar tilstrekkeleg areal til fiskeri- og havbruksnæringa i kystoneplanlegginga, og vegar dette opp mot miljøomsyn og andre samfunnsinteresser. Samt at ein ser trongen for areal i eit regionalt perspektiv.

Fiskeridirektoratet sine regionar skal bidra til at kommunane langs kysten som deler same fjord- og strømsystem, samarbeider ved produksjon av planer som omfattar kysten og dei nære sjøområda. Planmyndigheita, i dette tilfellet kommunen, er

forplikta etter plan og bygningslova til å legge til rette for medverknad, medan Fiskeridirektoratet sine regionkontor er forplikta til å delta.

Om kommunal planstrategi og vårt ynskje om medverknad

Kommunestyret skal minst éin gang i kvar valperiode, og seinast innan eit år etter konstituering, utarbeide og vedta ein kommunal planstrategi (PBL. § 10-1).

Planstrategien bør omfatte ei drøfting av kommunen sine strategiske val knytt til samfunnsutvikling og langsiktig arealbruk, miljøutfordringar, sektorane sine verksemdar og ei vurdering av kommunen sitt planbehov i valperioden.

Føremålet med den kommunale planstrategien er å sette fokus på dei planoppgåvene kommunen bør starte opp eller vidareføre for å legge til rette for ei positiv utvikling i kommunen.

Fiskeridirektoratet region Vest ynskjer å få spele inn våre eventuelle behov for kommunale planavklaringar i perioden på eit overordna nivå, altså til planstrategien. Dette kan til dømes vere korleis vi ser for oss den vidare utvikling for akvakulturnæringa i kommunen. Kommunen er i stor grad avhengig av konsensus på dette stadiet, sidan usemje allereie her vil kunne føre til store problem for gjennomføringa seinare.

Om kommunen vedtek å vidareføre gjeldande kommuneplan, så vil vi minne kommunen på at det vil være naturleg å legge opp til ein meir omfattande diskusjon rundt den kommunale planstrategien, fordi dette då blir einaste høve til å få fram synspunkta våre.

Det er viktig for Fiskeridirektoratet å få spelt inn våre synspunkt under utarbeiding av planstrategi for å sette føringar for framtidig planlegging i kommunen. Vi ber difor om at de sender oss framlegg til planstrategi for uttale og innspel.

Med helsing

Leni Marie Lisæter
seksjonssjef

Hanne Marie Utvær
rådgjevar

Brevet er godkjent elektronisk og vert sendt utan underskrift

Mottakarliste:

| | | | |
|--------------------|-------------------|------|----------------------|
| Årdal Kommune | Postboks 40 | 6881 | ÅRDALSTANGEN |
| Vågsøy Kommune | Postboks 294 | 6701 | MÅLØY |
| Voss Kommune | Postboks 145 | 5701 | VOSS |
| Vik Kommune | Postboks 134 | 6891 | VIK I SOGN |
| Ulvik Herad | Skeiesvegen 3 | 5730 | ULVIK |
| Sveio Kommune | | 5559 | SVEIO |
| Sund Kommune | Postboks 23 | 5371 | SKOGSVÅG |
| Stryn Kommune | Tonningsgata 4 | 6783 | STRYN |
| Stord Kommune | Postboks 304 | 5402 | STORD |
| Solund Kommune | | 6924 | HARDBAKKE |
| Sogndal Kommune | Postboks 153 | 6851 | SOGNDAL |
| Selje kommune | Kommunehuset | 6740 | SELJE |
| Tysnes Kommune | | 5685 | UGGDAL |
| Samnanger kommune | Kommunehuset | 5650 | TYSSE |
| Radøy Kommune | Krossvegen 8 | 5936 | MANGER |
| Osterøy Kommune | | 5282 | LONEVÅG |
| Os Kommune | Pb 84 | 5202 | OS |
| Odda Kommune | Postboks 53 | 5751 | ODDA |
| Naustdal Kommune | Postboks 43 | 6806 | NAUSTDAL |
| Modalen Kommune | Postboks 44 | 5729 | MODALEN |
| Meland Kommune | Postboks 79 | 5906 | FREKHAUG |
| Masfjorden Kommune | Postboks 23 | 5981 | MASFJORDNES |
| Lærdal Kommune | Postboks 83 | 6887 | LÆRDAL |
| Luster kommune | Rådhuset | 6868 | GAUPNE |
| Lindås Kommune | Kvernhusmyrane 20 | 5914 | ISDALSTØ |
| Leikanger kommune | Skrivarvegen 7 | 6863 | LEIKANGER |
| Kvinnherad Kommune | | 5470 | ROSENDAL |
| Kvam Herad | Grovagjelet 16 | 5600 | NORHEIMSUND |
| Jondal Kommune | | 5627 | JONDAL |
| Høyanger Kommune | Postboks 159 | 6991 | HØYANGER |
| Hyllestad Kommune | | 6957 | HYLLESTAD |
| Granvin Herad | Postboks 13 | 5733 | GRANVIN |
| Gulen Kommune | | 5966 | EIVINDVIK |
| Gloppen Kommune | Grandavegen 9 | 6823 | SANDANE |
| Gaular Kommune | Postboks 33 | 6971 | SANDE I SUNNFJORD |
| Førde Kommune | Postboks 338 | 6802 | FØRDE |
| Fusa Kommune | Postboks 24 | 5649 | EIKELANDSOSEN |
| Flora Kommune | Postboks 13 | 6901 | FLORØ |
| Fjell Kommune | Postboks 184 | 5342 | STRAUME |

Mottakarliste:

| | | | |
|--------------------|-----------------------------|------|---------------------|
| Fjaler Kommune | Postboks 54 | 6961 | DALE I SUNNFJORD |
| Fitjar Kommune | | 5418 | FITJAR |
| Fedje Kommune | | 5947 | FEDJE |
| Etne Kommune | Postboks 54 | 5591 | ETNE |
| Eidfjord kommune | | 5783 | EIDFJORD |
| Eid Kommune | Postboks 55 | 6771 | NORDFJORDEID |
| Bømlo kommune | Kommunehuset | 5430 | BREMNES |
| Bremanger Kommune | Postboks 104 | 6721 | SVELGEN |
| Bergen kommune | Postboks 7750 | 5020 | BERGEN |
| Balestrand kommune | Postboks 13 | 6898 | BALESTRAND |
| Austrheim Kommune | Sentraladmimistrasj onen | 5943 | AUSTRHEIM |
| Austevoll kommune | | 5392 | STOREBØ |
| Aurland Kommune | Postboks 83 | 5741 | AURLAND |
| Askøy Kommune | Postboks 323 | 5323 | KLEPPESTØ |
| Askvoll Kommune | Postboks 174 | 6988 | ASKVOLL |